



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 03.12.2018  
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 36/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 38/18	Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan		2017/107
PS 39/18	Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen		2018/7
PS 40/18	Utvikling av sjukefråvær i kommunen - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 41/18	Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune		2018/82
PS 42/18	Krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune		2015/39
PS 43/18	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 - val av nytt prosjekt		2015/131
PS 44/18	Interimsrevisjonsrapport 2018 for Samnanger kommune		2016/38
PS 45/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 46/18	Referatsaker		
RS 22/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 23/18	Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2019		2017/94
PS 47/18	Eventuelt		

**PS 36/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 37/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/107-14  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	38/18	03.12.2018

## Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan

### Bakgrunn

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak** i sak PS 033/2018 i møte den 13.09.2018;

«Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og egne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk
5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette;
  - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket
  - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
  - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
  - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
  - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

## **Drøfting**

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon, vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» §12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står;

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er fulgt opp på en tilfredsstillende måte»*

I handlingsplan er det svart på dei 7 punkta, Ut i frå svarbrevet sitt innhald, som sekretariatet vurderer som noko knapt, er det mogleg for kontrollutvalet å be om ytterlegare informasjon i møtet. Når det gjeld pkt.7 er sekretariatet usikker på kva rådmannen meiner er utført her, då det er ei oppstilling av dei punkta som står i tiltaka. Det er ikkje sagt korleis ein vil gjere dette for framtida. Ut i frå svarbrevet frå rådmannen vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding til fyrste møte i 2019. Om det kjem fram ytterlegare opplysningar frå rådmannen i møtet, som gjer at utvalet seier seg nøgd med saka og vil lukke denne, kan utvalet og gjere det.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av det som kjem fram i svarbrevet frå rådmannen, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.02.2019.

## **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjonen innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding, innan 01.02.2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Helge Inge Johansen

**Vår referanse:**  
18/1099/18/8807/4/CH

**Arkivkode:**  
FE-033, TI-&17

**Dykkar referanse:**

**Dato:**  
13.11.2018

## Svar til kontrollutvalet ifm innkjøpsrevisjons-rapport Samnanger kommune

Viser til møteprotokoll frå kontrollutvalmøte 3.9.2018 og sender som bedt om svar på fyljande 7 punkt, sjå under.

- 1. Oppdatere fullmaksstrukturen i samsvar med gjeldane regelverk og vurdere justeringar i fullmaksstrukturen slik at den er i samsvar med behova i organisasjonen.**
  - Svar: Delegeringsreglementet er på plass
  - Innkjøpsreglementet er på plass.
  
- 2. Vurdere om det er sett av nok ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og egne rutiner.**
  - Pr i dag er det ikkje tilstrekkeleg med ressursar og me har lagd inn i budsjett 2019 ekstra ressurs
  
- 3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen**
  - Me har allereie gjennomført eit kurs på innkjøp med ekstren foredragsholdar
  - Me brukar Odin Prosjekt å rådføra oss med ved større innkjøp og konkurransar
  - Me vil ha meir informasjons om dette temaet i leiarforum framover
  
- 4. Oppdatere rutinar og retningslinjer for innkjøp i samsvar med gjeldane regelverk og reglement**
  - Me har nyleg oppdatert reglement for innkjøp i Samnanger kommune
  
- 5. Syte for at rutinar og retningslinjer for innkjøp er enkelt tilgjengeleg for alle tilsette**
  - Dette ligg lett tilgjengeleg på intranettet og oppdaterast jevnleg
  
- 6. Syte for at det vert etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf komande krav i regelverket**
  - Dette er no kjøpt inn og bidreg at me gjennomfører innkjøp i tråd med gjeldane regelverk for offentlege anskaffelsar.
  - I tillegg har me kjøpt inn eit verktøy for å ha system, kontroll og oversikt på alle avtalar me har, «Complete Control»

**7. Gjennomføra innkjøp i samsvar med regelverket, under dette:**

- Konkurransesponera anskaffingar i samsvar med regelverket
- Dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevaluering
- Stille krav om løns og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
- Gjennomføra korrekte avrop på remmeavtalar
- Protokollera innkjøp i samsvar med regelverket

Med helsing

Charlotte Hageberg  
rådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2018/7-7  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	39/18	03.12.2018

## Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

### Bakgrunn

I kontrollutvalet sitt møte 12.02.18 vart sak vedr. «Ny personvernlov frå 2018 – konsekvensar for kommunane» handsama. I møteprotokoll etter møtet står følgjande:

#### «Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.»*

Dei 7 spørsmålsstillingane som var reist i saka, og som det er bede om at rådmann svarar skriftleg på er:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

### **Rådmann orienterte kontrollutvalet i møte den 14.05.2018 (sak PS 19/18) om arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Dette vart mellom anna protokollført:**

*«Arbeidet har vore svært omfattande og det er ennå ein del som må koma på plass for å tilpassa seg det nye lovverket. Samarbeidet med andre kommunar og regionar har vore vurdert, men sjølv om ein kjem til å velja slike løysingar, ser ein at det likevel er mykje arbeid som må utførast innad i kommunen. Ein er ikkje i mål, men er kome godt i gang».*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



**Rådmann ga ein ny orientering i kontrollutvalsmøte den 03.09.2018 (sak PS 30/18). Dette vart mellom anna protokollført:**

*«Rådmannen orienterte kort om status for tilpassing til ny personvernforordning*

- *Kjøper personvernombod frå Nordhordland IKT.*
- *Vidare framdriftsplan skal utarbeidast i oktober.*

*Kontrollutvalet vart einige om å be rådmannen om ei ny orientering i desembermøte»*

### **Drøfting**

Sekretariatet har fått stadfesta at rådmannen kjem til dette møtet for å gje ei ny orientering om status i arbeidet, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ut i frå at ein kanskje ikkje reknar med at kommunen er i mål med arbeidet med tilpassing til ny personvernlov, vil sekretariatet tilrå at rådmannen kjem og gjer ei ny orientering til første møtet i 2019.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til første møte i 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219  
Arkivnr: 2014/240-21  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	40/18	03.12.2018

## Utvikling av sjukefråvær i kommunen - orientering frå rådmannen

### Samandrag

Det er teke kontakt med rådmann i e-post 22.11.2018 der det er blitt beden om å få ei orientering om denne saka i møte 03.12.18.

### Drøfting

Orienteringssaka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet.

### Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 007  
Arkivnr: 2018/82-1  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	41/18	03.12.2018

## Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune

### Bakgrunn:

Det er sendt førespunad til rådmannen i epost 22.11.2018 om å koma til møte 03.12.2018 om å orientere om etikkarbeidet i kommunen og dei etiske retningslinjene i Samnanger kommune.

Ei orientering om etikk-arbeid i kommunen kan t.d. innehalda:

- Kva er gjort på området siste året ?
- Kva er planlagt å gjera vidare framover ?
- Er det halde kurs eller seminar innan temaet ?
- Har dette vore sett på agendaen i interne møter i kommunen, t.d. leiarmøter ?
- Kor kjende er etiske retningslinjer / prinsipp blant tilsette og politikarar ?

I årsmelding for Samnanger kommune for 2017 skriv rådmann i avsnitt om etikk, mellom anna dette:

*«Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er og eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.»*

### Drøfing:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet, vil sekretariatet tilrå at ein drøftar seg fram til eit vedtak.

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/39-54  
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	42/18	03.12.2018

## Krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune

### 1. Innleiing

I brev frå Terje Trengereid og Jan Ove Haga datert 25.06.2018 (sjå vedlegg) er det sett frem eit krav om at kontrollutvalet må handsama sak gjeldande manglande oppfølging frå administrasjonen si side gjeldande politiske vedtak i sak om mur i Krekavegen. Vidare er det motteke brev frå Terje Trengereid og Jan Ove Haga datert 07.11.2018 med overskrift: «Tillegssopplysningar, i høve vårt ynskje om forvaltningsrevisjon, i sak om VA i Krekavegen». (sjå vedlegg)

Med utgangspunkt i bekymringsmelding om mur i Krekavegen, har Naturutvalet vedteke at denne skulle byggast oppatt, med tilfredstillande kvalitet. I tillegg har Samnanger kommune etter vedtak i Formannskapet betalt halvdel av kostnadane for at utrusa mur skulle byggjast oppatt.

Kontrollutvalet har handsama fleire tilhøve knytta til dette sakskomplekset ved tidlegare høve (sjå vedlegg):

- 21.05.2015
- 16.09.2015
- 25.11.2015
- 14.05.2018

Frå sist møte, 14.05.2018 vart dette vedteke:

*«Kontrollutvalet har handsama saka på nytt og konkluderer med at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet seier seg endeleg ferdig med saka.»*

### 2. Drøfting

Terje Trengereid og Jan Ove Haga sin påstand er at administrasjonen i Samnanger kommune ikkje har fylgd opp vedtaka frå Naturutvalet og Formannskapet, og meiner dette er i strid med lovverket. Dei vil at kontrollutvalet undersøkar saka nærare ved å gjennomføra ein forvaltningskontroll og/eller gransking.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Eit spørsmål då er om kontrollutvalet må handsama saka ut i frå at innbyggjarar i kommunen set fram krav om dette - vidare kven det er som kan pålegge oppgåver til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine oppgåver er regulert av kommuneloven kap. 12 (lov av 25.09.1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner) og Forskrift 15.06.2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

Av merknadar til forskrifta kjem dette mellom anna fram:

**«Kontrollutvalget har ikke plikt til å behandle andre enn de saker som det får seg forelagt fra kommunestyret/fylkestinget, eller der det framgår av forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Når det gjelder henvendelser fra andre enn kommunestyret/fylkestinget eller revisjonen, må kontrollutvalget selv vurdere om saken hører under utvalgets kompetanseområde og om det vil prioritere saken.»**

Slik det kjem fram av merknaden til forskrifta er det kontrollutvalet sjølv som må vurdere om ein vil prioritera saka, når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret. Andre moment som må diskuterast er om ei slik sak skal prioriterast føre andre viktige saker (jmfør til dømes gjeldande plan for forvaltningsrevisjon) og om kontrollutvalet har budsjett til å handsama denne saka.

### **3. Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, og på bakgrunn av at fleire tilhøve knytta til denne saka har vore handsama fleire gonger tidlegare i kontrollutvalet, seinast i møte 14.05.2018, tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ikkje realitetshandsamer saka. Grunngevinga bør vera at det ikkje er andre enn kommunestyret som kan krevje at kontrollutvalet skal handsame ei sak. Vidare bør det argumenterast med at utvalet ikkje ønskjer å prioritere å bruke meir tid på saka, då dei avgrensa ressursane utvalet har til rådvelde må nyttast på andre viktigare område. Utvalet bør vidare, enno ein gong, seie seg endeleg ferdig med saka og presisere at eventuelle nye henvendingar tilknytta dette sakskomplekset ikkje vil verta handsama.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å realitetshandsame denne saka då fleire tilhøve har vore handsama tidlegare i kontrollutvalet, seinast i møte 14.05.2018.
2. Det er berre kommunestyret som kan krevja at saker vert handsama i kontrollutvalet.
3. Utvalet seier seg enno ein gong endeleg ferdig med saka.
4. Eventuelle nye henvendingar knytta til dette sakskomplekset vil ikkje verta handsama.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune - krav om forvaltningskontroll frå Haga og Trengereid
- 2 Klage til Sivilombudsmannen frå Trengereid og Haga
- 3 Svar på klage frå Sivilombudsmannen til Trengereid og Haga

- 4 Krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen - tilleggsinformasjon frå Haga og Trengereid
- 5 Vedtak frå tidlegare møte frå Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Tysse, den 25.juni 2018

**Sak RS 10/18, Vårt krav om forvaltningskontroll i forvaltningssaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune.**

Visar med dette til vedtak i sak, RS 10/18:

*Kontrollutvalet har handsama saka på nytt og konkluderer med at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet.*

*Kontrollutvalet seier seg endeleg ferdig med saka.*

I protokoll, som omhandlar sak 10/18 kjem det fram at kontrollutvalet har oppfatta vårt brev av 26.04.18, som ei klagesak mot Samnanger kommune. Kontrollutvalet ser vidare at dette er ei privatrettsleg sak, mellom oss og Samnanger kommune.

Som nevnt så er det ikkje kontrollutvalet si oppgåve å løyse privatrettslege tvistar. Dette er me samde med kontrollutvalet i, **men det er ikkje dette me ber om i vårt brev av 26.04.18.**

Som det kjem fram av møteprotokoll så skal kontrollutvalet mellom anna gjera fyljande:

*Kontrollutvalet sitt mandat er mellom anna å sjå til at regelverk og rutinar i kommunen vert ivareteke.*

Vårt krav om forvaltningskontroll, er faktisk det same som å sjå til at regelverk og rutinar vert fylgt innanfor den kommunale forvaltninga.

Me hevdar at Samnanger kommune ikkje fylgjer opp politiske vedtak og at administrasjonen i kommunen faktisk trenerar noko som har påverka vår sak, til vår ulempe. Dette kan også karakteriserast som «maktmissbruk». Dette burde vera grunn god nok for at kontrollutvalet starta forvaltningskontroll, eller kanskje ei gransking, av dei kommunale saksbehandlarane sin måte å handtera denne saka på.

I telefonsamtale med Jan Ove Haga, den 23.05.18, var Helge Johansen i sekretariatet, ikkje sikker på om denne saka kunne sendast tilbake for ny vurdering til kontrollutvalet. Etter telefonsamtale med Sivilombudsmannen, så vart det bestemt at vår sak skulle vurderast av dei. No har Sivilombudsmann konkludert med at kontrollutvalet, som ein del av forvaltninga skal sjå på saka på nytt, sjå vedlegg.

Då Sivilombudsmannen sin kontroll med forvaltninga skal vera etterfyljande, så ber me at kontrollutvalet, på nytt ser på saka, før Sivilombudsmannen om naudsynt, handsama saka som eiga sak.

Med utgangspunkt i vår bekymringsmelding om mur i Krekavegen, har Naturutvalet vedtatt at denne skulle byggast oppatt, med tilfredsstillande kvalitet. I tillegg har Samnanger kommune,



etter vedtak Formannskap, betalt halvdelen kostnadane for at utrasa mur skulle byggjast opp att.

Til tross for vedtak i Formannskap og Naturutval, har ikkje administrasjonen fylgd opp desse vedtaka.

Det er denne treneringa frå kommuneadministrasjonen av politiske vedtak politikarane me meiner er i strid med lovverket. Det er politikarane som avgjer kva administrasjonen skal gjera, men i denne saka set administrasjonen seg ut over og overprøver dei vedtak politikarane i Samnanger kommune har gjort. Det er dette me meiner er i strid med reglane.

Det er denne handteringa av politiske vedtak frå administrasjonen si side, me vil at Kontrollutvalet skal uttala seg om.

Oppsummert har med fylgjande problemstilling:

*Har administrasjonen i Samnanger kommune rett til å overprøva og omgjera dei vedtak Naturutval og Formannskap i Samnanger har vedteke?*

Vedlagt ligg vårt brev til Sivilombudsmann, samt svar derifrå.

Me vonar at dette stettar ei forvaltningskontroll og/eller gransking av denne saka.

Med vennleg helsing

Terje Trengereid

Jan Ove haga

Sivilombudsmannen  
Akersgata 8  
0158 OSLO

Tysse, den 28.05.18

**Klage på vedtak i sak RS 10/18:  
Sak RS 10/18- Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune. Krav om  
forvaltningskontroll i sak.**

Den 26. April 2018 sendte me brev til Kontrollutvalet i Samnanger kommune, der me i overskrifta på brev krev forvaltningskontroll vedrørende sak om kommunale vassleidningar i Krekavegen i Samnanger kommune. Vedlagt ligg dette brev med alle vedlegg.

Den 14. Mai 2018 handsama Kontrollutvalet vårt brev. Utifrå vedlagte brev frå Helge Johansen v/ sekretariatet for kontrollutvalet kan det verka som om kontrollutvalet har misforstått vårt brev og opplevd dette som ei klagesak og ikkje som eit krav om forvaltningskontroll. Dette meiner me er ein saksbehandlingsfeil og meiner at det derfor er grunn til å klage på saksbehandling og vedtak i Sak RS 10/18.

Det ser ut som om at kontrollutvalet ikkje har oppfatta at det har vore ei sær negativ utvikling i sak sidan 2015, sidan dei også har lagt brev frå denne tida med i si saksbehandling.

**Formålet med vårt krav om forvaltningskontroll er ein gjennomgang av kommunen si handtering av denne saka. Vårt brev er på ingen måte ei klage på kommunen då me veit godt at kontrollutvalet ikkje fungera som eit klageorgan. Dersom det vert ei rettsleg behandling av denne saka, så vil ikkje retten ta stilling til kommunen si saksbehandling og framgangsmåte i saka.**

Saka me henvisar til er todelt.

Sak 1.

Del nr 1 går på kommunen si ansvarsfråskrivning om eigarskap til eit VA anlegg som me har godt dokumentert at kommune eig. Kommune skriv frå seg dette eigarskap i form av eit heilt udokumenterte brev, jf vedlegga til vårt brev av 26.04.2018. Brev som er vedlegg nr 8-2 og 10 i vårt brev til kontrollutvalet, er godt prov på slike udokumenterte brev, medan vedlegg nr 7 til same skriv stadfestar det motsatte.

Forvaltningslovas § 11, første ledd krev at kommunen har ei veiledningsplikt, samt at kommune er ansvarleg for å opplysa om dokumentasjon i saka. Etter Forvaltningslovas § 18 har me faktisk krav på å kunna gjera oss kjent med all dokumentasjon i sak. Her opplever me at kommunen har motarbeida oss og trenert saka for oss.

## Sak 2.

Kommunen har hatt ei påleggsak opp mot ein grunneigar i det aktuelle området i Krekavegen. Denne saka er avslutta utan at kommunen har oppnådd sitt mål. I eit møte med kommunen sin saksbehandlar vart det opplyst munnleg saka var avslutta. Årsaka var at grunneigaren gjorde seg så lite tilgjengelig at han svara verken på brev, telefon eller e-post. Dette er for oss ein dårleg grunn for å avslutta ei sak. Eit viktig moment her er også at forvaltninga si ressursbruk til å løysa oppgåver ikkje samsvarar med eit vedtak gjort i Naturutval og Formannskap.

Dersom kommunen sitt kontrollutval hadde valgt å gå inn på ein forvaltningsrevisjon, ville dei kunna ha nytta seg av «Forskrifta om revisjon i kommunar og Fylkeskommunar». Særleg er det då av interesse om kommune har fylgt punkta innanfor § 7 pkt a og c i denne forskrifta. Del nr 2 i denne saka går på kommune sin vilje til å etterleva tidlegare nemde vedtak i Naturutval og Formannskap (Vedtak er vedlegg nr 3-1 og 5 i vårt brev til kontrollutvalet)

Det blir i Naturutvalet, vedtak nr NAT 021/15, vedtatt at kommunen skal delta i oppjustering av ein mur. Det vert etter dette innhenta eit spesifisert tilbod ( vedlegg nr 4-1 i vårt brev til kontrollutvalet) , noko som Formannskapet i vedtak nr FORM 019/15 vedtar å finansiera med kr 35.000,- pluss mva.

Det som skjer etter denne politiske behandlinga er at grunneigar bygger opp mur på nytt, utanpå den gamle muren. I tillegg vert også mur flytta innpå nabotomta. Han får utbetalt den kommunale delfinansieringa og gjer arbeidet utan at nokon frå kommunen fylgjer med på kva han gjer. Kvaliteten på gjennomført murerarbeid er gitt i kommunen sin engasjerte geolog sin rapport. (vedlegg 12-1 i vårt brev til kontrollutvalet) og muren som er satt opp igjen er ikkje godt handtverk, 50% finansiert av kommunen.

Ein stiller seg undrande til at kommunen godtar at denne grunneigaren får høve til å nytta seg av firmaet Norcert, som har sitt fagfelt innanfor løfteredskaper og stropper, utan godkjenning innan tiltaksklasse for slikt grunnarbeid. Det er lite som minna om grunnarbeid innanfor Norcert sitt fagfelt. Dette er eit søknadspliktig arbeid, noko kommunen har valgt å sjå vekk ifrå.

Påleggsaka som kjem i ettertid av dette er dokumentert i brevet av 26.04.2018 m/ vedlegg.

Me er av den klåre oppfattinga, at kommunen ikkje har fylgd opp vedtaka frå Naturutval og Formannskap. Me ser også at grunneigar ikkje har gjort slik han gav tilbod om den 19.06.2015 (vedlegg nr 4-1 i vårt brev til kontrollutvalet).

Jf komunelovas kapittel 12 § 77, så skal kontrollutvalet forestå det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegner. Dette kan ein ikkje sjå at kontrollutvalget i Samnanger kommune gjer, når dei visar vilje til å la slik saksbehandling stå ukommentert.

Her ser me tydelig at grunneigar sitt arbeid ikkje samsvarer med det tilbod som han gav kommunen. Dette burde ha vore i kontrollutvalet sine interesser å sjå nærare på denne problemstillinga.

Me som kjører denne klagesaka er røynde innanfor grunnarbeidsfag, og me er av den klare oppfatning at dersom kommunen hadde fylgd vedtak i Formannskap gjorde, med riving og oppat bygging av mur, så hadde vassleidningane i Krekavegen også blitt tatt skikkelig hand om. Me meiner også at dersom godkjent entreprenør hadde blitt nytta så hadde arbeid blitt meir fagmessig, og skikkelig utført.

Konsekvens av dette, vil då naturlegvis vera at sak hadde vore avslutta for lenge sidan, og då i tråd med Forvaltningslovas § 11, pkt a.

Me meiner at dette er ei forvaltningssak. Forvaltningsloven gjelder den virksomhet kommunen driver i medhold av lov, se forvaltningsloven § 1. I dette tilfelle følger kommunens oppgaver og myndighet etter plan- og bygningsloven der kommunen har ansvar for tilsyn og kontroll, eksempel denne saken der muren kommer inn under kommunens ansvar etter plan- og bygningsloven. Derfor undrar me oss over at kommunen vel å nytta seg av advokat til å ivareta saksbehandlinga i denne saka. I følgje denne advokaten har me ikkje lengre lov til å kontakta kommunen direkte. Advokat krev at all korrespondanse skal gå gjennom han, også innsyn i naudsynte dokument.

Dette meiner me også er eit klart brot på Forvaltningslova.

Dersom ein les litt i kontrollutvalshåndboka, så kan ein undrast over kvifor ikkje kontrollutvalet på eige initiativ vel å sjå på saka. Dei står fritt til å velja dette men vel å ikkje gjera noko med saka. På side 35 i kontrollutvalshåndboka, så står det litt om kriteria for gransking. Denne saka er etter kvart vorte ganske så betent i kommunen. Me sit med ei kjensle av at personar i kommunen har nytta si makt til motarbeiding og trenering og dette bygger også opp under ei gransking.


Me ber om at Sivilombudsmannen ser på saken. Etter vår oppfatning har administrasjonen ikkje fulgt opp vedtak i Naturutvalg eller Formannskap. Verken administrasjon eller politikere vil behandle sak om mur (krav om riving og gjenoppbygging så muren blir sikker) sjølv om det er en forvaltningssak, jfr. nevnte bestemmelse om at det er en forvaltningssak når det faller inn under det ansvarsområdet kommunen har etter gjeldende regelverk, her; plan- og bygningsloven. Me reagerer også på at politiske utval, når de blir informert om de feil som er gjort, ikkje følger opp og gir administrasjonen pålegg om å følgje opp politiske vedtak politikerne sjølv har fattet. Me reagerer spesielt på at administrasjonen avslutter en sak der det kun er kommunen som har myndighet til å krevje tilfredsstillende oppbygging av en rasfarlig mur, og det når Naturutvalget har bestemt at muren skal rives og gjenoppbyggjast.

Når me henvender oss til Kontrollutvalget, vil heller ikkje dei sjå på sak om riving og gjenoppbygging av mur. Kontrollutvalget velger å sjå på den privatrettslige saken som ikkje har noko med gjenoppbygging av muren å gjera. Kontrollutvalget misoppfattar saken idet dei legg til grunn eigarskap av vassleidning. Det er en feil. Denne saken gjeld ikkje det

privatrettslige spørsmålet, men at kommunen ikkje har fulgt opp sine egne vedtak om riving og forsvarlig gjenoppbygging av mur.

Vonar at Sivilombudsamann vil sjå nermare på denne saka, og komma med ei uttale, og dersom dykk ynskjer ytterlegare informasjon, er dykk velkomne til å ta kontakt.

Med helsing



Terje Trengereid  
Ørnefjellet 84  
5174 Mathopen

Mobil 93895639



Jan Ove Haga  
Indre Tysse 30  
5650 Tysse

Mobil 90503039



## SIVILOMBUDSMANNEN

Terje Trengereid  
Ørnefjellet 84  
5174 MATHOPEN

Vår referanse  
2018/2032

Dykkar referanse

Vår sakshandsamar  
Ingrid Jerve Aanstad

Dato  
12.06.2018

### **Krav om forvaltningsrevisjon – utbetring av mur og eigarskap til VA-anlegg i Samnanger kommune**

Vi viser til klagen 30. mai 2018 med vedlegg frå deg og Jan Ove Haga.

Klagen gjeld Kontrollutvalet i Samnanger kommune si behandling 14. mai 2018 av dykkar brev 26. april 2018 med krav om forvaltningsrevisjon. De skriv at «kontrollutvalet har misforstått [dykkar] brev og opplevd dette som ei klagesak og ikkje som eit krav om forvaltningskontroll». De skriv vidare at kontrollutvalet «misoppfattar saken idet dei legg til grunn eigarskap til vassleidning», at «[d]et er en feil», og at «denne saken gjeld ikkje det privatrettslige spørsmålet, men at kommunen ikkje har fulgt opp sine egne vedtak om riving og forsvarlig gjenoppbygging av mur».

Som de vil sjå på heimesida til ombodsmannen, [www.sivilombudsmannen.no/nn/klage](http://www.sivilombudsmannen.no/nn/klage), skal ombodsmannen sin kontroll med forvaltninga vere etterfølgjande. Det vil seie at ei sak ikkje kan behandlast her før spørsmåla saka gjeld, er tekne opp med og endeleg avgjorde i forvaltninga.

De tek i klagen hit opp spørsmål som vi ikkje kan sjå at kontrollutvalet i Samnanger kommune har fått høve til å vurdere. Det er best i samsvar med prinsippet om at ombodsmannen sin kontroll skal vere etterfølgjande, at de i første omgang sjølv tek opp med forvaltninga dei forholde de viser til i klagen hit.

Når den endelege avgjerda til forvaltninga ligg føre, kan de eventuelt komme tilbake med ein ny klage hit. Vi ber om at de i så fall legg ved ein kopi av den siste avgjerda.

For ombodsmannen

Ingeborg Skonnord  
seniorrådgivar

Ingrid Jerve Aanstad  
rådgjevar

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrive underskrift.*

**Tilleggsopplysningar, i høve vårt ynskje om forvaltningsrevisjon, i sak om VA i Krekavegen.**

Som Dykk tidlegare er gjort kjent med, så har Samnanger kommune v/ rådmann, Charlotte Hageberg erkjent kommunal eigarskap i forhold til VA ledningar i Krekavegen.

Samnanger kommune sin måte å handsama denne saka på, tvinga oss etter kvart til å søkja juridisk hjelp. Det har vore ein gjennomgangstone i saka, at det har vore vanskelig å få svar frå Samnanger kommune. Dette har ført til at saka er vorte svært kostsam for oss, bl.a til juridisk hjelp. Dette er utgifter som me meiner kommunen skal dekke, og i høve dette har me sendt krav til Samnanger kommune. Me har enno ikkje fått svar på våre krav, sjølv etter mange purringar. Dette er eit klårt brot på forvaltningslova.

Denne delen av saka utartar seg på fylgjande vis:

- I anledning at Samnanger kommune har trenert å utlevera ønska opplysningar og dokument i anledning saka vår, så vert det sendt krav om at Samnanger kommune skal dekke utgifter til innhenting av dokumentasjon og opplysningar, den 04.05.2018.
- Advokatkontoret Stigeler svarar på krav av 04.05.2018, den 15.06.2018. Det vert her gjeve eit avslag i saka, noko som vert klaga inn på nytt. Me stiller oss heilt uforståande til at Samnanger kommune, vel å bruka advokatkontor Stigler til å handsama slik sak for kommunen. Slik me kjenner forvaltningslova, så er det kommunen sjølv som skal handsama forvaltningssaker og at dette skal skje utan ugrunna opphald.
- Den 20.06.2019, klagar me på avgjerda som advokatkontor Stigler opplyser oss om.
- Då me ikkje får svar frå Samnanger kommune, så purra me på manglande svar den 27.07.18.
- Samnanger kommune svarar på purringa vår, den 31.07.2018, at dei ikkje kan gje oss eit svar på denne del av sak, før etter 31.08.2018. Til dags dato har me enno ikkje høyrte noko.
- Då Samnanger kommune no endeleg erkjenner eigarskap til VA ledningar, så håpar me at saka vert avslutta. Me forventar eit svar frå administrasjonen om framdrift og teknisk løysing for å sikra tilfredsstillande vassmengde. Derfor sender me eit nytt krav til Samnanger kommune, den 02.10.2018. Dette kravet omhandlar alle utgifter som Samnanger kommune har påført oss i si trenering av saka, også kravet om innhenting av dokument og opplysningar, som dei enno ikkje har svara oss på. Dette krav har dei ein svarfrist til 02.11.2018. Me har framleis ikkje fått noko svar frå Samnanger kommune.




Me vil pressisera at dette IKKJE er ei klage på Samnanger kommune, for at dei ikkje tar på seg våre kostnader.

Vår meining med dette brevet er å opplysa kontrollutvalet i Samnanger kommune om at Samnanger kommune ikkje fylgjer norsk lov og bryt Forvaltningslova på fleire punkt bl.a å fatta eit vedtak innan rimeleg tid. At Samnanger kommune i tillegg vel å nytta advokatkontoret Stigler i ei forvaltningsak, gjer ikkje saka betre.

Me ber med dette om at sekeriteriat v/ Helge I Johansen syter for at samtlege medlemmar i kontrollutval får desse opplysningar, slik at dette kan vera med i deira vurderingar, når dei skal handsama sak om vårt krav om forvaltningsrevisjon.

Me legg ved vår korrespondanse med Samnanger kommune i denne del av saka.

Med helsing



Terje Trengereid

Vedlegg



Jan Ove Haga



Jan Over Haga  
Terje Trengereid

5650 Tysse

4. mai 2018

Samnanger kommune v/Ordfører,  
Tyssevegen 217

5650 Tysse

### **Deres referanse 14/969/17/2377/TEK/NF**

#### **Krav om dekning av juridisk bistand til innsyn i dokumenter.**

Viser til krav om innsyn i dokumenter fra Jan Ove Haga, Terje Trengereid og rettsjelper Solfrid Hammersland. Hammersland ba om innsyn i dokumenter den 12. april 2017, den 26. april 2017, den 3. mai 2017, den 1., den 21. og den 23. august, den 12. september 2017. Merk at dette kun er et utvalg av de krav om innsyn som er sendt kommune, Fylkesmann og Sivilombudsmannen. Fullstendig liste følger vedlagt. Den 15. september ble det sendt henvendelse til Fylkesmannen fordi Samnanger kommune ikke svarte på krav om innsyn, den 18. september 2017 ba Fylkesmannen om at Samnanger kommune sendte dokumenter til Hammersland. Den 19. september 2017. Den 20., den 21. og den 22. september 2017 purret Hammersland på dokumenter. Den 26. september 2017 kom det 155 e-poster, men ingen av dokumentene var dokumenter vi ba om.

Den 28. september 2017 ba Hammersland om kopi av den underskrevne kontrakten mellom Halfdan Abotnes og Samnanger kommune i henhold til vedtak i Samnanger Formannskap den 10. februar 1967. Hun ba også om alle de avtalene Samnanger kommune ba om i anledning bygging og påkobling til vann- og avløp i denne saken når det gjelder byggetillatelse på gnr. 27, bnr. 123.

Den 29. september 2017 purrer Hammersland Samnanger kommune og til Fylkesmannen og ber ham om å ta seg av saken.

Den 29. september 2017 skriver Samnanger kommune at de ikke har det underskrevne eksemplaret av kontrakten mellom Halvdan Abotnes og kommunen i sitt arkiv. Hammersland ber dem om å lete mer.

Den 2. oktober 2017 skriver Hammersland til kommunen at den underskrevne avtalen skal være i kommunens arkiv.

Den 2. oktober 2017 kommer det e-post fra Fylkesmannen angående innsyn i dokumenter.

Den 3. oktober og den 13. oktober 2017 purret Hammersland på dokumentene i flere e-poster. Hun spesifiserer de dokumenter vi allerede har bedt om innsyn i.

Den 13. oktober 2017 purrer Hammersland igjen på innsyn i dokumenter.

Den 20. oktober 2017 var det ennå ikke mottatt dokumenter, og Hammersland klagde til Fylkesmannen.

Den 16. oktober 2017 sender Hammersland brev til Samnanger kommune der hun gjør oppmerksom på at det vil bli sendt krav om kostnader til juridisk bistand i anledning innsynskravet.

Den 17. oktober 2017 kommer det brev fra Stiegler om at alle henvendelser om innsyn skal gå gjennom advokatfirmaet Stiegler.

Den 19. oktober 2017 sender Fylkesmannen brev til Stiegler der de gjør oppmerksom på reglene for innsyn i dokumenter.

Den 2. november 2017 sendes klage på innsyn til Fylkesmannen grunnet kravene i brevet til Stiegler om at henvendelser om innsyn bare kan sendes Stiegler.

Den 5. desember 2017 gjentar Hammersland kravet om innsyn i brev til Samnanger kommune og med kopi til Fylkesmannen.

Haga purrer på dokumenter den 8. desember 2017. Haga får ingenting, og Hammersland purrer på vegne av Haga den 12. desember 2017. Haga purrer igjen den 5. januar og den 13. januar 2018.

Hammersland sender e-poster om innsyn til Fylkesmannen den 2. og den 15. og den 23. januar 2018.

Purring til Sivilombudsmannen der datert den 4. februar 2018. Hammersland oppgir da at det er sendt 49 dokumenter om innsyn i dokumenter, uten at det er mulig å få svar.

Sivilombudsmannen svarer den 16. februar 2018. Han ber om en spesifisert henvendelse om innsyn i dokumenter. Denne henvendelsen sender Hammersland den 26. februar 2018.

Sivilombudsmannen ringer til arkiv og snakker med Marianne Soleng den 5. mars 2018. Hun bekrefter overfor seniorrådgiver André Klagegg at hun vil fatte vedtak innen to uker, den 19. mars. Den 19. mars 2018 sender Samnanger kommune avslag på innsyn fordi de ikke har dokumentene. Samnanger kommune sender avslaget videre til Fylkesmannen til behandling.

Hammersland klager til Fylkesmannen den 9. april 2018 og gjør oppmerksom på at det gjelder dokumenter som kommunen er pliktig til å arkivere.

Den 13. april 2018 skriver Fylkesmannen at kommunen ikke kan levere ut dokumenter de ikke har. Han skriver at det kan bli et spørsmål om kommunen skulle hatt dokumentene i sitt arkiv, men det er utenfor Fylkesmannens oppgave å kontrollere. Det betyr at Samnanger kommune kan ha problemer med andre tilsynsorganer ved å ikke ha orden på sitt arkiv.

Den 16. april 2017 har Marianne Soleng funnet den underskrevne kontrakten mellom Halvdan Abotnes og Samnanger kommune. Hun oversender kontrakten på e-post. Den er datert den 25. februar 1967.

Samnanger kommune har da gitt innsyn i det viktigste dokumentet vi ba om innsyn i. Det betyr at vi etter nesten ett år har fått den kontrakten vi ba om innsyn i fra april 2017.

Det at Marianne Soleng, Arkivet, Samnanger kommune, den 16. april 2018 sendte oss den underskrevne kontrakten mellom Halvdan Abotnes og Samnanger kommune som vi ba om innsyn i for ett år siden, betyr at vi har fått medhold i innsynskravet. Det betyr at en avgjørelse er endret til gunst for oss, se forvaltningsloven § 36.

Når en avgjørelse endres til gunst for oss, da har vi krav på å få dekket de kostnadene vi har hatt til juridisk bistand, se ordlyden:

«Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.»

Vedtaket er endret til gunst for oss som parter. Vi har fått det vesentligste beviset vi ba om. Det betyr at vi har fått medhold i innsynskravet, og det betyr at Samnanger kommune skal dekke kostnader til juridisk bistand.

Dette kravet er fremmet innen fristen på tre uker.

Vedlagt følger timeliste. Beløpet, kr. 112.500,-, skal betales til konto nr. 9801 23 57648. Betalingsfrist er den 7. juni 2018. Ved betaling etter forfall påløper renter og purregebyr.

Vi minner om fristen i forvaltningsloven § 11a:

«Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.»

Vi ber om et svar på denne henvendelsen snarest.

Med vennlig hilsen

Jan Ove Haga

Terje Trengereid

Vedlegg: Timelister for krav om innsyn

## Timeliste innsyn Krekavegen

2017	April		
	11	Bedt om innsyn i dok Krekavegen	0,25
	26	Ber om innsyn	0,5
	Mai		
	3	Purrer på dokumenter	0,25
	August		
	1	Ber Opheim om dokumenter	0,25
	21	Ber om dokumenter	0,25
	23	Ber om dok	0,25
	september		
	12	E-post til FM om innsyn	0,25
	15	E-post til Fylkesmannen	0,25
	18	Brev til Stiegler om innsyn	1
	18	Fylkesmannen ber SK svare på innsynskravet	0,5
	19	E-post om innsyn til politikerne	1
	20	Purring på dok til SK	0,25
	21	E-poster og telefon til FM om innsyn i dok	1
	22	Purring på dok fra SK	0,25
	26	Gjennomgang av 155 e-poster	1
	27	E-post - Ber om dokumenter	0,25
	28	Ber om innsyn i kontrakt	0,5
	29	E-post om innsyn til arkiv og til FM	0,25
	Oktober		
	2	Purring på avtale Abotnes SK	0,25
	2	Brev fra SK om dok	0,25
	3	Purring på dokumenter	0,5
	6	E-post fra arkiv	0,25
	9	E-post til arkiv om innsyn	0,25
	13	Ber arkiv om innsyn	0,25
	15	Purring til SK på dokumenter	3
	16	Ber FM om innsyn i dok	0,5
	18	Klge på innsyn til FM	0,5
	19	Mottatt brev fra Stiegler om innsyn	1
	20	Klage til FM på dokumenter	0,25
	23	Til FM om at ikke interne dok	0,25
	24	Brev fra Stiegler datert den 23 oktober 2017	0,5
	29	Brev til FM om innsyn	2
	31	Klage til FM om innsyn	0,5



# Stiegler

Retten på din side  
Selvikveien 24  
5106 Øvre Ervik

Att: Solfrid Hammersland

Bergen, 15.06.2018  
E-post: dn@stiegler.no  
Ansvarlig advokat: Dag Nødtvedt  
Vår ref. 12122

## VANN – OG KLOAKKLEDNING I KREKAVEGEN – JAN OVE HAGA - SAMNANGER KOMMUNE

I forholdet mellom de ovennevnte (og Terje Trengereid) foreligger det to aktuelle tema som skal besvares:

### 1) Krav om omkostningsdekning

Haga og Trengereid har samme rettet henvendelse til kommunen angående dekning av omkostninger tilknyttet vannledningstvisten.

Samnanger kommune har behandlet henvendelsen, og vedlagt følger vedtak av 12.06.18.

Som De vil være kjent med fra tidligere, kan vedtaket evt påklages til Fylkesmannen i Hordaland med klagefrist 3 uker fra mottatt vedtak.

\* \* \*

Kommunen har vedtatt avslag idet Fvl § 36 ikke hjemler krav på dekning i dette tilfellet.

Jeg vil for ordens skyld påpeke at kommunen med vedtaket ikke har tatt stilling til kravets innhold og størrelse for det tilfellet at Fvl § 36 mot formodning kan anvendes – jfr likevel bemerkninger om dette i vedtaket.

### 2) Vanntrykk og – mengde

Jeg viser til Deres email av 12.06.18.

De overser at kommunen leverer tilfredsstillende trykk og mengde så langt dens leveringsplikt rekker.



# Stiegler

2

Kommunens ansvar stanser der den private ledningen begynner, og fra samme punkt er det den private huseier som må innrette seg slik at trykk og mengde frem til boligen er tilfredsstillende.

Hvis det er nødvendig med pumpe eller annen innretning for å oppnå dette – noe målingene tilsier – må huseier selv besørge nødvendige eller ønskete tiltak.

\* \* \*

Jeg har tidligere påpekt at saksbehandlingen blir tungvint når korrespondanse sendes fra både part og rettshjelper

Det anmodes derfor om at henvendelser i tvisten sendes via undertegnede.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirma Stiegler AS



Dag Nødtvedt  
Advokat





Jan Ove Haga og Terje Trengereid

Vår referanse:

2014000969/18/5173/5/HLV

Arkivkode:

GBNR - 27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:

12.06.2018

**Krav om dekking av juridisk bistadn til innsyn i dokumenter vedk. vasslednig i Krekavegen**

Det er i dag gjort følgjande delegert vedtak i sak 089/2018:

**Vedtak:**

Samnanger kommune ser ikkje at det ligg heimel for å kunne innfri kravet om å få dekkja omkostningane for juridisk hjelp, og kravet vert avslått.

Kravet om å få dekkja omkostningar tilknytt vassledning i Krekavegen er basert på Forvaltningslova § 36. Det føreligg ikkje vedtak som er omgjort til fordel for dykk, og det er ikkje vedteke avslag der dykk vert nekta innsyn. Det ligg dermed ikkje føre heimel for å krevje dekking av om kostningar.

Med helsing

  
Charlotte Hageberg  
rådmann

  
Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

**Kopi til**

Knut Harald Frøland

**Adresseliste:**

Jan Ove Haga og Terje  
Trengereid



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: GBNR - 27/14,19
Arkivsaksnr: 14/969	Løpenr: 18/4758
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Delegert til administrativt nivå		089/2018

### Krav om dekking av juridisk bistadn til innsyn i dokumenter vedk. vassledning i Krekavegen

**Delegert til administrativt nivå:**  
Handsaming i møtet:

#### DEL- 089/2018 Vedtak:

##### Vedtak:

Samnanger kommune ser ikkje at det ligg heimel for å kunne innfri kravet om å få dekkja omkostningane for juridisk hjelp, og kravet vert avslått. Kravet om å få dekkja omkostningar tilknytt vassledning i Krekavegen er basert på Forvaltningslova § 36. Det føreligg ikkje vedtak som er omgjort til fordel for dykk, og det er ikkje vedteke avslag der dykk vert nekta innsyn. Det ligg dermed ikkje føre heimel for å krevje dekking av om kostningar.

#### Dokument som er vedlagt:

Krav om dekking av juridisk bistand til innsyn i dokumenter

**Kva saka gjeld:** Krav om å få dekkja omkostningar knytt til innhenting av opplysningar om vassledning i Krekavegen, jf FVL § 36.

**Bakgrunn for saka:** Jan Ove Haga, Vidar Trengereid og ved rettshjelpar Hammersland har bedt om innsyn i ei rekkje kommunale dokumenter og arkiv. Kommunen sitt arkiv har etterkommet dette fullt ut så langt det har vore moglg å etterkome.

Det er ikkje vedteke noko avslag m.h.t å nekte innsyn. Som dykk sjølv seier ble det 19.03.18 fatta vedtak om avslag fordi arkivet ikkje hadde dei aktuelle dokumenta. Dersom kommunen hadde hatt dokumenta, og dei ikkje kunne vert haldt utanfor innsyn etter Forvaltningslova eller

Offentlegheitslova, ville dykk ha fått dei.

Avtalen med Abotnes vart derfor sendt uoppfordra til Haga/Hammersland då den ble funnet. Kommunen er i gang med å digitalisera sitt arkiv og i den forbindelse ble avtalen funnet ein anna stad enn man ville plassert/kodet den i dag. Plasseringa/arkivkoden pr 1967 kan ein meina ikkje var riktig. Så når avtalen ble funne vart den sett i rett samanheng, og av interesse for Haga/Hammersland. Kopi av avtalen var derfor sendt og det er ikkje gjort noko endringsvedtak.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Haga/Trengereid meiner saka er ein forvaltningssak og har heimla kravet i FVL § 36.

Samnanger kommune har ikkje vedteke eit endringsvedtak, og det er ikkje heimel for å nytte § 36.

